

# Haustemelding veke 44, 30. oktober – 5. november, 2023



Det er nokre få igjen av ein del grønnsaker som vi ikkje har skrive på lista denne veka. Om du finn noko som står igjen, så er det berre fint om du haustar det, f.eks. knutekål, gulrot, pastinakk, purreløk m.m.

NB. Dette er siste haustemelding, men de må gjerne hauste grønnkål, urter, jordskokk og det det elles måtte finna utover hausten og vinteren. Jordskokken kan også haustast til våren når tela er gått i jorda. Vi skal ha noko av jordskokken til settejordskokk, så vi kjem difor til å setja opp nokre røde pinnar når der/når de ikkje kan haustast meir.

<b>Kva?</b>	<b>Kor?</b>	<b>Kor mykje?</b>	<b>Korleis?</b>	<b>Andre kommentarer</b>
Diverse urter	Bak lageret	Plukk litt av dei urtene du har lyst på.	Klipp/knip av, ikkje riv opp rota.	
Ruccola, asiasalat m.m.	På hovudfeltet, der det var kvitløk tidlegare i år, ved sida av blomane. Alle fire sortar er i same rekke.	Ta det du vil ha.	Plukk forsiktig blad av planten, ikkje riv opp planten	
Grønnkål rødt og grønt	På hovudfeltet. Midt i kålfeltet der nettet er tatt av.	Ta det du vil ha	Ta av dei nederste bladene. Klipp/knip av blada, ikkje riv opp planten med rota.	
Hovudkål og rødkål	På hovudfeltet	1 rødkål eller vanleg hovudkål (så langt det rekk)	Skjer av kålet og la resten av planten stå igjen.	
Rosenkål	På hovudfeltet, øverst ved steingarden	1 stelk rosenkål	Skjer av stelken nederst. Ta kåla av stelken når du kjem heim. Alternativt må du plukka av alle rosenkåla på stelken ute på åkeren.	
Sellerirot	På hovudfeltet, ved sida av dei små solsikkene. Ta frå enden av rekka.	2 sellerirot (så lenge det er nokon igjen)	Dra sellerien opp med rota. Den har veldig kraftig rotsystem. Om du ikkje får den opp, så bruk ei greip. Skjer av røtene, så du ikkje får med deg så mykje mold heim.	

Jordskokk	På hovudfeltet, på sida av hekken	1 plante	Spa opp jordskokken med greip. Riv av alle jordskokkane som heng fast i rota og sjekk at det ikkje ligg nokon igjen i jorda. Den lange stengelen kan du leggja i den røde tilhengaren.	
Poteter	I lagerbygget	1 sekk så langt det rekk. Ta elles det du vil ha av dei små potetene som er igjen i kassane. Vi vil gjerne bli kvitt resten denne veka.		

## Veksthusandel

Kva?	Kor?	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Paprika, sweet dream, Chili (habanero og cayenne)	I skåler på vaskebenken i lageret	Ta det du vil ha, både av modne og umodne		